

Møteprotokoll

Vinje kontrollutval

Dato: 07.05.2018 kl. 10:00 – 13:00
Stad: Vinje kommunehus, Formannskapsalen
Arkivsak: 18/00020

Til stades: Nestleiar Eva Gulbrandsen Flatland, medlem Sigrid Nykos, medlem Svein Rorgemoen, medlem Bjørn Arne Lindskog, sekretær Marianne Lundeberg, oppdragsrevisor Birgitte Lindtner Bøen

Møtande varamedlem: Margit Auran

Fråfall: Leiar Oscar Johan Garnes

Andre: Plan og økonomisjef Gry Åsne Aksvik, Teknisk sjef Åge Verpe, TKR IKS v/ Kirsti Torbjørnson

Protokollfører: Marianne Lundeberg

Sakskart	Side
Møteinnkalling	
2/18 18/00020-11 Godkjenning av møteinnkalling 07.05.2018	3
Møteprotokoll	
2/18 18/00020-12 Godkjenning av protokoll 28.02.2018	4
Saker til behandling	
7/18 18/03932-1 Årsrekneskap og årsmelding 2017 for Vinje kommune - Uttale frå kontrollutvalet	5
8/18 18/04713-3 Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av renovasjonstenester, feing	7

og branntilsyn - Vinje kommune			
9/18	18/04911-1	Prosjektplan - Styresamansetjing –evaluering og valprosess – Vinje kommune.	8
10/18	18/03862-2	Årsrapport med rekneskap 2017 frå skatteoppkrevjar og Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vinje kommune	9
11/18	18/02513-4	Årsmelding for kontrollutvalet 2017 - Vinje kommune	10
12/18	18/00037-3	Referatsaker 07.05.2018.	11
13/18	18/00040-3	Eventuelt 07.05.2018	12

Vinje, 07.05.2018

Kontrollutvalets nestleiar
Eva Gulbrandsen Flatland

Sekretær
Marianne Lundeberg

Møteinnkalling

2/18 Godkjenning av møteinnkalling 07.05.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Vinje kontrollutval	07.05.2018	2/18

Forslag frå sekretariatet:

Møteinnkalling 07.05.2018 vert godkjend.

Møtehandsaming

Møteinnkalling 07.05.2018 blei lagt fram for godkjenning. Utvalet ynskjer møta starta kl 09:00.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Møteinnkalling 07.05.2018 vert godkjend.

Møteprotokoll

2/18 Godkjenning av protokoll 28.02.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Vinje kontrollutval	07.05.2018	2/18

Forslag frå sekretariatet:

Protokoll 28.02.2018 vert godkjend.

Møtehandsaming

Protokoll 28.02.2018 blei lagt fram for godkjenning.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Protokoll 28.02.2018 vert godkjend.

Saker til behandling

7/18 Årsrekneskap og årsmelding 2017 for Vinje kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Vinje kontrollutval	07.05.2018	7/18

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet si uttale til Vinje kommune sitt årsrekneskap for 2017:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for 2017. Saman med årsrekneskapen følgde rådmannen si årsmelding. Telemark kommunerevisjon IKS har avlagt revisjonsmelding for rekneskapsåret 2017.

Årsrekneskapen viser kr 278 995 000 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 11 783 000. Driftsrekneskapen visereit netto driftsresultat på kr. 20 165 000 og eit mindreforbruk på kr 11 783 000.. Investeringsrekneskapen viser eit resultat i balanse udisponert/udekt beløp på kr 0.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstiller brukaren sitt informasjonsbehov og gjev eit riktig inntrykk av dei forhold som årsrapporten til rådmannen omhandlar.

Kontrollutvalet meiner Vinje kommune må sørge for at ein ved utarbeiding av framtidige årsbudsjett er i samsvar med økonomireglement og forskrift om årsrekneskap, og har elles inga merknadar til årsrekneskapen for Vinje kommune for 2017 og slutter seg til rapport frå revisor datert 17.04.2018.

Uttalen vert oversend kommunestyret med kopi til formannskapet.

Møtehandsaming

Plan og økonomisjef Gry Åsne Aksvik la fram årsrekneskapen og årsmeldinga 2017 - Vinje kommune. Teknisk sjef Åge Verpe var tilstades i saka og svara på spørsmål.

Oppdragsrevisor Birgitte Lindtner Bøen la fram Rapport om revisjon av regnskapet til Vinje kommune for 2017

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet si uttale til Vinje kommune sitt årsrekneskap for 2017:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for 2017. Saman med årsrekneskapen følgde rådmannen si årsmelding. Telemark kommunerevisjon IKS har avlagt revisjonsmelding for rekneskapsåret 2017. Revisjonsmeldinga er datert 16.04.2018 og er ei såkalla normalmelding.

Årsrekneskapen viser kr 278 995 000 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 11 783 000.

Driftsrekneskapen visereit netto driftsresultat på kr. 20 165 000 og eit mindreforbruk på kr 11 783 000..

Investeringsrekneskapen viser eit resultat i balanse udisponert/udekt beløp på kr 0.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstillar brukaren sitt informasjonsbehov og gjev eit riktig inntrykk av dei forhold som årsrapporten til rådmannen omhandlar.

Kontrollutvalet meiner Vinje kommune må sørge for at ein ved utarbeiding av framtidige årsbudsjett er i samsvar med økonomireglement og forskrift om årsrekneskap, og har elles inga merknadar til årsrekneskapen for Vinje kommune for 2017 og slutter seg til rapport frå revisor datert 17.04.2018.

Uttalen vert oversend kommunestyret med kopi til formannskapet.

8/18 Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av renovasjonstenester, feiing og branntilsyn - Vinje kommune

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Vinje kontrollutval	07.05.2018	8/18

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet i Vinje kommune bestiller prosjektplan og eit pristilbod for ein forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av renovasjonstenester, feiing og branntilsyn frå Telemark kommunerevisjon IKS.

Vinkling:- kontroll av dei nye føresegnene om renovasjon og feiing og praksis rundt det.
- fordeling av renovasjonskostnadene mellom kommunane og handteringa av gebyrberekning og fakturering
-sjølvkost renovasjon og ei enkel oppfølging av sjølvkostkontrollen på feiing frå 2017

Vinje kontrollutval oppmodar kommunane Seljord, Kviteseid, Tøkke og Fyresdal til å vere med på ein felles rapport om renovasjonstenester og feiing.

Møtehandsaming

Tkr Iks v/Kirsti Torbjørnson la fram prosjektplan og pristilbod på forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av renovasjonstenester, feiing og branntilsyn. Teknisk sjef Åge Verpe var tilstade for å svare på spørsmål til inspektøren til forvaltningsprosjektet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet i Vinje kommune bestiller prosjektplan og eit pristilbod for ein forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av renovasjonstenester, feiing og branntilsyn frå Telemark kommunerevisjon IKS.

Vinkling:- kontroll av dei nye føresegnene om renovasjon og feiing og praksis rundt det.
- fordeling av renovasjonskostnadene mellom kommunane og handteringa av gebyrberekning og fakturering
-sjølvkost renovasjon og ei enkel oppfølging av sjølvkostkontrollen på feiing frå 2017.

Vinje kontrollutval oppmodar kommunane Seljord, Kviteseid, Tøkke og Fyresdal til å vere med på ein felles rapport om renovasjonstenester og feiing.

9/18 Prosjektplan - Styresamansetjing –evaluering og valprosess – Vinje kommune.

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Vinje kontrollutval	07.05.2018	9/18

Forslag frå sekretariatet:

Prosjektplan « Val av styre – evaluering, valprosess og samansetjing –Vinje kommune» godkjennast som den ligg føre.

Møtehandsaming

Telemark kommunerevisjon IKS v/ Kirsti Torbjørnson la fram prosjektplan «Val av styre-evaluering, valprosess og samansetjing –Vinje kommune».

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Prosjektplan « Val av styre – evaluering, valprosess og samansetjing –Vinje kommune» godkjennast som den ligg føre.

Kontrollutvalet utsett start på denne til 2019. TKR IKS sender melding før oppstart.

**10/18 Årsrapport med rekneskap 2017 frå skatteoppkrevjar og
Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for
Vinje kommune**

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Vinje kontrollutval	07.05.2018	10/18

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tek «Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vinje kommune» og Årsrapport med årsregnskap –Vinje kommune 2017» til orientering

Møtehandsaming

Kontrollutvalet fekk framlagt årsrapport med årsrekneskap frå kommunen og Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Tokke kommune frå skatteetaten. Rapport frå stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen i Vinje kommune 2017, blei og lagt fram i saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek «Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vinje kommune» og Årsrapport med årsregnskap –Vinje kommune 2017» til orientering

11/18 Årsmelding for kontrollutvalet 2017 - Vinje kommune

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Vinje kontrollutval	07.05.2018	11/18

Forslag frå sekretariatet:

Årsmelding for kontrollutvalet 2017 vedtas og vert oversendt kommunestyret.
Tilråding til kommunestyret:
Kommunestyret tek Årsmelding for kontrollutvalet 2017 til vitande.

Møtehandsaming

Sekretariatet la fram nytt forslag med nye budsjett og rekneskapstal under punkt 7 økonomi.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Årsmelding for kontrollutvalet 2017 vedtas og vert oversendt kommunestyret.
Tilråding til kommunestyret:
Kommunestyret tek Årsmelding for kontrollutvalet 2017 til vitande.

12/18 Referatsaker 07.05.2018.

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Vinje kontrollutval	07.05.2018	12/18

Forslag frå sekretariatet:

Sakene vert tekne til vitande.

Møtehandsaming

- Betrakningar frå Temark sin Vårkonferanse 19.04.2018
- neste møte flyttast frå 19.09.2018 til 03.10.2018

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Sakene vert tekne til vitande.

neste møte flyttast frå 19.09.2018 til 03.10.2018

13/18 Eventuelt 07.05.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Vinje kontrollutval	07.05.2018	13/18

Forslag frå sekretariatet:

Møtehandsaming

Inga saker!

Votering

Vedtak

